

STATENS MEDIEFORVALTNING



ÅRSMELDING 1997

9
301.2
STATENS
MEDIE-
FORVALTNING

1997

ns Medieforvaltning



Staben i Statens medieforvaltning: Første rekkje frå venstre: Dag Løvdal, Liv Daae Gabrielsen, Ivar Andenæs og Sølvi Ellingsen. Andre rekkje frå venstre: Hilde M. Guttormsen, Turid Johannesen, Eva Johnson, Gerd Wilhelmsen, Marie Therese Lilleborge, Erik Langebeck, Arve Lindboe, Nils Ø. Gulbrandsen, Carl-Henrik Lyngås, Jon H. Stjernstedt og Jan Erik Andersen.
(Foto: Kjell S. Stenmarch)

Framsida og vignettar: Ragnar (Joker) Pedersen
Layout, sats og trykk: Trykk-Service, Sarpsborg.
Opplag: 600 eksemplar.

N12<101024493705



NRK
BIBLIOTEKET

98646



INNHALD

	Side
<i>Raude tal for lokalkringkasting</i>	3
<i>Mål og arbeidsoppgåver</i>	5
<i>Administrasjonen</i>	5
<i>Kringkasting</i>	7
– Regelverket	7
– Lokalradio	8
– Lokalfjernsyn	11
– Årsmelding for lokalkringkastingsverksemda	12
– Økonomien i lokalkringkastinga	13
– Korttidskonsesjonar	14
– Reklame og sponsing; tilsyn	15
– Innhaldet i programkanalane	17
– Vidaresending i kabelnett	17
– Vidaresending via private omformaranlegg	18
– Allmennkringkastingsrådet	18
– Internasjonalt arbeid	19
– Europeisk programdel i fjernsyn	20
– Eigarskap	20
<i>Presse</i>	
– Regelverket	21
– Produksjonstilskott til dagsaviser	21
– Andre støtteordningar	24
– Råd og utval	25
<i>Vedlegg:</i>	
1. Styre, råd og utval	26
2. Konsesjonærlistar	28
3. Fordeling av produksjonstilskott	37

RAUDE TAL FOR LOKALKRINGKASTING

Etter dei nye føresegnene om lokalkringkasting skal Statens medieforvaltning kvart år hente inn økonomiopplysningar og andre nøkkeltal om lokalkringkastingsverksemda. For første gong er desse opplysningane no systematisert i ein eigen database som viser den økonomiske stoda både for lokalfjernsyn og lokalradio. For å sikre oss samanliknande data frå alle selskapa som driv lokalkringkasting, har vi utarbeidd eit eige spørjeskjema som fungerer som ei enkel årsmelding for kvart einskilt selskap.

Dei innsamla opplysningane talar sitt tydelege språk om at lokalkringkasting i Noreg langt frå er noko gullgruve. Av lokalradioane driv halvparten med underskott, og samla hadde bransjen eit underskott på nær 24 millionar kroner i fjor. Det er dei store reklamefinansierte radioane i dei større byane som står for storparten av underskottet, medan dei mindre konsesjonærane i distrikta gjennomgåande klarer seg betre. Desse radioane har også ein heilt annan inntektsstruktur: Konsesjonærar i område med fleire enn 50 000 innbyggjarar hentar over 3/4 av inntektene sine frå reklame og sponning og mindre enn 1/4 frå andre kjelder. I område med færre enn 50 000 innbyggjarar er det bingo-inntektene som er den store posten i rekneskapen. Dei utgjør over halvparten av inntektsgrunnlaget for radioane, medan reklame og sponning står for under ein tredel.

Lokalfjernsynet vart omorganisert for to år sidan.



Foto: Gunnar Steen Iversen

Det vart fritt fram for aviser og større medieverksemdar til å engasjere seg i bransjen. Konsesjonsområda, som tidlegare var omringa av kommunegrenser, følgjer no i store trekk fylkesgrensene. Etter det første heile driftsåret står så å seie alle selskapa fram med underskott i drifta. Samla hadde bransjen eit underskott på om lag 95 millionar kroner. Er tala eit vitnemål om at vi har å gjere med eit lokalmidium som ikkje er liv laga, eller tyder dei berre at det tek tid å opparbeide ein god økonomi i bransjen? Svaret på

dette spørsmålet veit ingen.

Lokalkringkastingsbransjen hadde altså samantlagt eit underskott i fjor på ca. 120 millionar kroner. Dei tala vi har lagt fram vil sikkert bli brukte i ein argumentasjon for ei pressestøtteordning til drift av lokalkringkasting. Det er ein diskusjon som politikarane får ta om dei så ønskjer. Men eit lite hjertesukk vil vi tillate oss: Det skal ikkje bli lett å finne gode kriterium å fordele ei eventuell støtte ut frå.

Andre vil kanskje hevde at vi gjer gale i å leggje fram så sorgjelege tal, og at vi på denne måten spreier mismod og pessimisme i bransjen. Vi deler ikkje den oppfatninga. Skal styresmaktene kunne leggje grunnlaget for levelege vilkår for bransjen, er det naudsynt å ha god kunnskap om han. Årsmeldingane frå dei ein-skilde selskapa kan gi oss betre kunnskap om lokalkringkastingsverksemda enn det vi til no har hatt. Det vil også vere til gagn for bransjen på lengre sikt.

Ivar Andenæs

MÅL OG ARBEIDSOPPGÅVER


Statens medieforvaltning vart oppretta 1.1.1994 som eit forvaltningsorgan for allmenne mediespørsmål. Ansvar for dei pressepolitiske saksområda vart overført Statens medieforvaltning 1.1.1995.

Hovudmåla for kringkastings- og pressepolitikken er omtala i Kulturdepartementets budsjettproposisjon for 1997. For å nå dei overordna måla har Kulturdepartementet fastsett at Statens medieforvaltning mellom anna skal:

- gi konsesjon til å etablere og drive kringkasting og lokalkringkasting
- føre tilsyn med at lokalkringkastingsverksemda blir drive etter vilkåra
- føre tilsyn med at det ikkje oppstår eigarkonsentrasjon i strid med regelverket

- føre tilsyn med og sjå til at kringkastingselskapa etterlever regelverket om reklame og sponning
- administrere pressestøtta etter gjeldande regelverk
- forvalte forskingsmidlane knytte til presse, film og kringkasting

Dei fastsette måla og oppgåvene for verksemda i 1997 er planlagde og gjennomførte etter føresetnadene.



ADMINISTRASJONEN

Statens medieforvaltning er organisert i to avdelingar: Kringkastingsavdelinga og Presse- og administrasjonsavdelinga. Staten hadde i 1997 14 faste stillingsheimlar og ei engasjementsstilling.

Statens medieforvaltning hadde eit driftsbudsjett i 1997 på 8,6 millionar kroner. I tillegg administrerte etaten tildelinga på kap 335 pressestøtte, som i 1997 var på om lag 270 millionar kroner.

I tillegg til dei løpande oppgåvene innanfor presse- og kringkastingsområdet, legg verksemda vekt på eit godt samarbeid med andre etatar og organisasjonar på presse- og kringkastingsområdet. Administrasjonen har derfor vore representert på organisasjonane sine årsmøte og andre møte og konferansar med tilknytning til medieområdet. Statens mediefor-

valtning har hatt kontaktmøte med konsesjonsstyresmakter i dei andre nordiske landa.


Statens medieforvaltning har vore sekretariat for følgjande råd og utval:

- Kontaktutvalet mellom dagspressa og staten
- Rådet for anvendt medieforskning
- Støtteutvalet for dagsavisene
- Støtteutvalet for innvandrapublikasjonar
- Konsesjonsrådet for nærkringkasting
- Allmennkringkastingsrådet

Statens medieforvaltning har også stilt til rådvelde sekretær for styret for Stiftelsen Lettlest-avisen.



ORGANISASJONSKART STATENS MEDIEFORVALTNING






Lokalradio

Konsesjonsstatus

Pr. 31.12.97 var det 312 lokalradiokonsesjonærar.

Utviklinga i talet på lokalradiokonsesjonar:



Etter fleire år med nedgang i talet på lokalradiokonsesjonærar, var det frå 1996 til 1997 ein liten auke. Auken skuldast at nokre søkjarar som fekk avslag under den ordinære søknadsbehandlinga vart gitt konsesjon under klagebehandlinga.

Etter § 7-4 i kringkastingsforskrifta kan søknader om konsesjon som kjem inn etter at søknadsfristen er ute, berre bli innvilga i særlege tilfelle. Særlege tilfelle vil i hovudsak seie at konsesjonsområdet er utan lokalradio.

Konsesjonsområde

Pr. 31.12.97 var det 160 konsesjonsområde, mot 161 året før. Reduksjonen har bakgrunn i at to konsesjonsområde er slått saman til eitt.

Ti område har meir enn eitt sendarnett til rådvelde for lokalradio. Dette gjeld følgjande område:

- Sarpsborg og Råde (1 ½ sendarnett)
- Oslo (6 sendarnett)
- Lier, Nedre Eiker og Drammen (2 sendarnett)
- Kristiansand (2 sendarnett)
- Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Bokn, Utsira, Sveio, Etne og Ølen (1 ½ sendarnett)
- Stavanger og Sola (2 sendarnett)
- Bergen (3 sendarnett)
- Molde, Fræna, Aukra, Midsund og Vestnes (1 ½ sendarnett)
- Skodje, Giske, Ålesund, Haram, Sula og Ørskog (1 ½ sendarnett)
- Trondheim (2 sendarnett)

1 ½ sendarnett vil seie at eit nett gir fullstendig dekning, medan det andre berre gir god dekning i primærområdet.

Etter § 7-2 fjerde ledd i kringkastingsforskrifta er det Statens medieforvaltning som avgjer kven av konsesjonærane som skal sende på dei ulike netta i område med meir enn eitt sendarnett for lokalradio.

Klagebehandling – lokalradio

Statens medieforvaltning fekk til saman 46 klager i kjølvatnet av konsesjonsutdelinga for lokalradio. Av desse var 28 klager på avslag på søknad om konsesjon, ti gjaldt områdeinndeling og åtte gjaldt frekvensplassering.

Tre av klagenes vart avviste som for seint innkomne. I tillegg vart to klager kalla attende, medan ei klage fall bort som følge av konkurs.

Av dei resterande 40 vedtaka som var klaga, vart ni gjorde om av Statens medieforvaltning. Dei andre 31 sakene vart sende Kulturdepartementet for endelig vedtak. Kulturdepartementet gav Statens medieforvaltning medhald i 27 av sakene, medan fire vedtak vart gjorde om.

To saker vart etter avsluttande behandling av Kulturdepartementet lagde fram for Stortingets ombodsmann. Den eine saka vart ikkje behandla av ombodsmannen, medan den andre saka vart behandla utan at ombodsmannen fann kritikkverdige forhold i saksbehandlinga.



Samsendingar

Statens medieforvaltning mottok åtte søknader om løyve til samsending i 1997. Sju av søknadene vart innvilga.

Vi har fått færre søknader om samsending i 1997 enn året før. Ei årsak kan vere at formålet med fleire av samsendingsprosjekta i 1996 var å prøve ut eit samarbeid mellom konsesjonærar med tanke på ein eventuell felleskonsesjon eller eit større konsesjonsområde i den nye konsesjonsperioden.

I 1997 har vi vidareført praksisen frå tidlegare år, slik at løyva til samsending som hovudregel er avgrensa til 25 prosent av den daglege sendetida til den enkelte konsesjonæren, og at løyve berre blir gitt til samsendingar mellom konsesjonærar i tilgrensande konsesjonsområde. Vi har gjort unntak frå hovudregelen der særskilde grunnar har tilsagt det.

Etter § 7-7 i kringkastingsforskrifta skal Statens medieforvaltning fastsetje retningslinjer for samsendingar i nærradio. Forslag til retningslinjer er utarbeidd.

Vidaresending i lokalradio

I tilknyting til behandlinga av St. meld. nr. 12 for 1996-97, Kringkasting og dagspresse 1995, gjorde Stortinget vedtak om at lokalradioane skulle få vidaresende uendra frå sentral leverandør inntil 25 prosent av programstoffet uavhengig av distribusjonsform.

Forbodet mot samtidig og uendra vidaresending av programmateriale motteke via satellitt, vart oppheva ved kongeleg resolusjon 19. desember 1997. Minst 75 prosent av den daglege sendetida til konsesjonæranne skal framleis bestå av program som er produserte av konsesjonæren eller andre med tilknyting til konsesjonsområdet. Statens medieforvaltning kan i særlege tilfelle gjere unntak frå prosentregelen.

Digital radio (DAB)

I St.meld. nr. 62 (1996-97) som vart lagd fram av Kulturdepartementet 5. september 1997, blir det gjort framlegg om å fordele ressursane i den riksdekkjande frekvensblokka for DAB. Departementet foreslår at NRK får disponere fire einingar, kvar på 224 kbits/s og at P4 bør få disponere ei eining på 224 kbits/s. Den resterande kapasiteten bør bli reservert for andre aktørar, og konsesjon blir utdelt etter

offentleg kunngjering. Forslaget er i samsvar med tilråding frå Statens medieforvaltning.

Det såkalla L-bandet (frekvensar rundt 1599 Mhz) gir gode vilkår for å dekkje mindre geografiske område og kan bli aktuelt til bruk for lokalradioformål. Dette bandet er lite utprøvd, og Norsk lokalradioforbund har fått løyve til prøvesendingar med DAB i dette frekvensbandet. Forbundet har også fått offentlig støtte til dette gjennom Audiovisuelt produksjonsfond.

Sendarnett

Det var 198 konsesjonsområde i den førre konsesjonsperioden. I den nye perioden er dette talet redusert til 159. Formålet med å redusere talet på konsesjonsområde var å betre den tekniske kvaliteten på sendingane, auke lyttarpotensialet og styrkje det økonomiske grunnlaget for lokalradioane. I somme av områda er det fleire enn eitt sendarnett, slik at totaltalet på sendarnett er 173. Endringane av konsesjonsområda kravde nye sendarnettsløyser.

I 1997 arbeidde vi saman med Post- og teletilsynet med å tilretteleggje nye sendarnett i dei nye konsesjonsområda. Vi gir sendarnettskonsesjon når Post- og teletilsynet har gitt teknisk konsesjon for nettet. Dersom fleire søker om konsesjonen for eit nett, er det Statens medieforvaltning som avgjer kven av søkerane som skal få konsesjonen. Eit av hovudmomenta i vurderinga av søknadene om sendarnettskonsesjon er om dei tekniske løysingane er realistiske og gode. Post- og teletilsynet vurderer dei tekniske løysingane, og utarbeider ved behov forslag til alternative tekniske løysingar. I dei områda der det er fleire søkjarar, sender Post- og teletilsynet si vurdering av dei tekniske søknadene til oss. Vi sender så vurderinga over til søkerane, og ber om at konsesjonæranne ser på moglege fellesløysingar. Ei rekkje av konsesjonæranne ser fordelar ved å samarbeide om ei felles løysing, andre ønskjer å halde oppe sine separate søknader. I tilknyting til dette har vi berre motteke ei klage på vedtaket vårt om utdeling av sendarnettskonsesjon.

Arbeidet med å gi sendarnettskonsesjonar har teke tid, mellom anna på grunn av problem i dei områda der fleire noverande nærradioanlegg skal avløyast av eitt nytt sendarnett. Vi har også i desse tilfella oppmoda til lokalt samarbeid mellom nærradio-konsesjonæranne. Vi kan gi sendarnettskonsesjon til ein konsesjonær, eit samarbeidsselskap som består av



nærradiokonsesjonærane i området eller til andre, dersom nærradiokonsesjonærane i området ønskjer det.


Vi har i 1997 ferdigbehandla 115 sendarnetts-konsesjonar. Hovuddelen av konsesjonane er gitt til konsesjonærar eller ei samanslutning av konsesjonærar. I nokre tilfelle har konsesjonærane ønskt at Norkring har sendarnettskonsesjonen.

Sendetidstvistar

Sendetida på eit sendarnett er ein avgrensa ressurs, og sendetida er viktig for planlegginga av drifta hos den enkelte konsesjonæren. Etter at konsesjonane var gitt for den nye perioden, starta konsesjonærane drøftinga av sendetidsfordelinga. Ei rekkje konsesjonærar måtte vente ei viss endring av sendetida på

grunn av nye samansetjingar av konsesjonærar på sendarnetta.

Kringkastingsforskrifta bestemmer at lokalradio-konsesjonærane sjølve skal fordele sendetida på sendarnetta. Dersom konsesjonærane ikkje blir samde, kan Statens medieforvaltning gjere vedtak om fordeling av sendetida. I løpet av året behandla Statens medieforvaltning ni sendetidstvistar. Fem av tvistane oppstod i område som har fått endra samansetjinga av konsesjonærar på sendarnetta i den nye konsesjonsperioden. I sju av sakene gjorde Statens medieforvaltning vedtak om sendetidsfordeling i 1997, og fem av vedtaka våre vart klaga over. Tre av klagesakene vart sende til Kulturdepartementet til endeleg behandling. Kulturdepartementet gav Statens medieforvaltning medhald i alle klagesakene.



Sal av sendetid

Spørsmålet om sal av sendetid i lokalradio er blitt aktualisert i 1997. Heilt frå forsøka med nærradioar tok til i 1981, har lokalradioane hatt høve til å selje inntil 25 prosent av sendetida til lokale lag. Bakgrunnen for ordninga var å sikre lokale organisasjonar m.v. tilgjenge til lokalradioen («public access»). Ordninga var meint som ein invitasjon til det lokale foreiningslivet til å lage program om si eige verksamd, mellom anna lokale partilag og trussamfunn. Etter kvart fekk ordninga også ein viss verdi som økonomisk bidrag til lokalradiodrifta. Sal av sendetid er blitt eit typisk «bygderadio»-fenomen.

Da den nye nærradioforskrifta kom i 1996, vart ordninga med sal av sendetid ikkje vidareført. I tilknytning til stortingsvalet i 1997 vart spørsmålet aktualisert ved at dei politiske partia ikkje lenger fekk leige sendetid i lokalradioen slik dei gjorde før. Norsk lokalradioforbund gjekk ut offentleg med sterk kritikk av styresmaktene for ikkje å ha vidareført ordninga i dei nye forskriftene og kravde at ho måtte takast inn på nytt.

Statens medieforvaltning har fått spørsmålet til vurdering. Vi har hatt to drøftingsmøte med Norsk Presseforbund, Norsk Redaktørforening og Norsk lokalradioforbund om saka. Drøftingane er avslutta, og Statens medieforvaltning vil komme med ei tilråding til Kulturdepartementet i løpet av våren 1998.



Lokalfjernsyn

Kringkastingsforskrifta skil mellom fire konsesjonstypar. I tillegg kan ein få konsesjon til drift av lokalfjernsyn etter særskild forskrift av 22. november 1996 om lokalfjernsyn på bakkesendarane til NRK2.

Ved utgangen av 1997 er det samla talet på konsesjonar for lokalfjernsyn 37. Konsesjonane for lokalfjernsyn fordeler seg slik på konsesjonstypar:

- Konsesjon til allment bakkesendt lokalfjernsyn: 30
- Konsesjon til etersendt lokalt undervisningsfjernsyn: 4
- Konsesjon til kommunal informasjonskanal i kabel: 1
- Konsesjon til lokalfjernsyn over sendarane til NRK2: 18
- Konsesjon til kabelsendt lokalfjernsyn: 0

Etter kringkastingsforskrifta kunne selskap som står for utsending av dei sentralt produserte programma ikkje oppnå ei dekning som overstig 75 prosent av talet på husstandar i Noreg. Da Stortinget behandla St. meld. nr. 18 for 1996-97, gjekk eit fleirtal inn for å oppheve denne avgrensinga. Bakgrunnen var at det berre var TVNorge som var aktuell som sentral programleverandør. Ein del lokalfjernsynsstasjonar ville dermed stå utan høve til å vidareseende sentraltproduserte program dersom 75 prosent-regelen skulle gjelde. Som følge av dette vart § 7-6 nr. 5 og 6 i forskrifta oppheva i desember 1997.

Fleirtalet av konsesjonærane for allment bakkesendt lokalfjernsyn nyttar høvet til å vidareseende

fjernsynsprogram etter § 7-6 i kringkastingsforskrifta. I hovudsak er det TVNorge som blir vidaresendt direkte som ein større del av tilbodet til lokalfjernsynet. Den eigenproduserte delen av programsendingane består stort sett av lokale nyhendesendingar og aktualitetsmagasin i tillegg til sport, intervju m.v. Dei eigenproduserte sendingane varer frå om lag ein halv til ein time dagleg.

Konsesjonærar for kabelsendt lokalfjernsyn frå førre konsesjonsperiode som har søkt om ny konsesjon, har fått løyve til å halde fram verksemda til handsaminga av søknadene er avslutta. Om lag 70 søknader er innkomne og er under behandling.

Konsesjonærar for lokalfjernsyn over sendarane til NRK2 kan vere livssyns- og ideelle organisasjonar, og konsesjonsperioden er på tre år. To av konsesjonane i denne gruppa er gitt i 1997.

Lokalfjernsyn via NRK2s sendarar


Statens medieforvaltning har i 1997 gitt to konsesjonar til lokalfjernsyn på bakkesendarane til NRK2 i tillegg til dei 16 som vart gitt i 1996. Sendingane finn stad når NRK2 ikkje sjølv har sendingar, og er ikkje ein del av kringkastinga til NRK2. I område der fleire har slike konsesjonar, må desse dele den tilgjengelege sendetida mellom seg. Sendingane er ikkje formidlingspliktige i kabelnett, men enkelte kabelnett legg dei ut likevel. Sju av konsesjonærane har ikkje starta sendeverksemd innan utgangen av 1997.



Årsmelding for lokalkringkastingsverksemda

I 1997 vart pålegget om at konsesjonærane plikta å sende inn komplett rekneskap til Statens medieforvaltning endra. Konsesjonærane skal no på fastsett skjema gi melding til Statens medieforvaltning om ulike sider av verksemda kvart år. Vedtaket er nedfelt i § 16 i den nye kringkastingsforskrifta. 1997 var det første året konsesjonærane skulle levere slik årsmelding for.

Gjennom årsmeldingane frå selskapa har vi fått eit hjelpemiddel for systematisk innhenting av data om struktur, økonomi, talet på tilsette og programinnhald i lokalkringkastinga. Kunnskap om nøkkeltal er nødvendig for å kunne vurdere utviklingstrekk og tendensar i lokalkringkastinga. Årsmeldingane frå selskapa vil bli samla i ein database i Statens medieforvaltning.





Økonomien i lokalkringkastinga

Årsmeldingane frå dei lokale kringkastarane viser at både lokalradio og lokalfjernsyn går med store underskott. Lokalkringkastingsbransjen samla hadde eit underskott i fjor på ca. 120 millionar kroner.

Lokalfjernsyn

Den samla omsetninga i lokalfjernsynsbransjen var nær 152 millionar kroner, medan driftskostnadene var ca. 195 millionar og finanskostnadene vel to millionar. Det gir eit samla underskott på vel 45 millionar kroner, og ein negativ driftsmargin på ca. 30 prosent. Av dei eksisterande 26 lokalfjernsynsselskapa hadde 22 selskap negativt driftsresultat i 1997. I tillegg til dette kjem Nyhetskanalen i Oslo, som avslutta sendingane sine i februar etter eit samla tap på nær 50 millionar kroner.

Reklamen stod for 41 prosent av inntektene og sponsering for seks prosent. Inntektene frå TVNorge for distribusjon av TVNorge sine program var rundt 70 millionar kroner og utgjorde nær halvparten av inntektene i lokalfjernsynsbransjen.

Dei andre inntektene kjem frå m.a. bingo, frivillige gåver og lisens, tilskott frå det audiovisuelle produksjonsfondet m.m.

Av utgiftene utgjorde løn og sosiale kostnader nær 100 millionar kroner, eller vel halvparten.

Dei 26 selskapa sende til saman 7 300 timar med eigne program. Av desse var ca. 5 000 timar nyhendeprogram. Ved årsskiftet hadde bransjen samla 390 årsverk. 300 personar er knytte til bransjen på heiltid.

Lokalradio

Oversikta for lokalradio byggjer på svar frå 263 av vel 300 aktive konsesjonærar. Samla hadde bransjen ei omsetning på 202 millionar kroner i 1997. Utgiftene var på vel 225 millionar. Det gir eit samla underskott på 23 millionar kroner, eller ein negativ driftsmargin på ti prosent. 140 selskap hadde overskott i drifta, medan 123 selskap hadde underskott. Det er dei store radioane tilhøyrande Radio 1-gruppa som har dei største underskotta. Desse hadde eit samla underskott på vel 10 millionar kroner.

Reklame og sponsering utgjorde nær 60 prosent av dei samla inntektene i lokalradiobransjen, medan bingo stod for 30 prosent. Gåver og frivillig lisens stod for fem prosent av inntektene.

Av kostnadene utgjorde løn og sosiale kostnader 40 prosent.

Lokalradioane hadde samla nær 600 000 sendetimar i 1997. Nær 500 000 av desse vart brukte til å sende lokalproduserte program. Rundt 35 000 timar gjekk med til vidaresending av eksternt produserte program. 132 av lokalradioane vidaresende nyhendesendingar frå 7-8 sentrale leverandørar. 54 radioar hadde sendingar kvar veke for etniske og språklege minoritetsgrupper på til saman 21 språk i tillegg til norsk.

Ved årsskiftet hadde lokalradiobransjen rundt 1 600 årsverk. Bransjen sysselset ca. 360 personar på heiltid, 140 på deltid og rundt 1 100 frivillige.


Korttidskonsesjonar

I 1997 innvilga Statens medieforvaltning 19 korttidskonsesjonar. Av desse var 17 til lokalradio og to til lokalfjernsyn i kabelnett.

Korttidskonsesjonar er ei særskild ordning som i hovudsak er meint å gi høve til å dekkje spesielle arrangement som er avgrensa i tid. Konsesjonane er avhengige av at det er tilgjengelege frekvensar. Som tidlegare år har vi gitt korttidskonsesjonar også i område der det er permanente konsesjonar, men vi har teke omsyn til etablert lokalkringkastingsverksemd i området. Dette omsynet blir vareteke mellom anna ved at konsesjonærane er gitt høyringsrett. Korttidskonsesjonar blir ikkje gitt til lokalfjernsyn over eter.

Utviklinga

Som det framgår av tabellen for talet på korttidskonsesjonar i tidsrommet 1988 - 1997, vart det gitt flest korttidskonsesjonar i 1990. Dei seinaste åra har det vore ein markant nedgang.



Utviklinga i talet på korttidskonsesjonar:

1988:	33*
1989:	66
1990:	82
1991:	56
1992:	50
1993:	45
1994:	30
1995:	43
1996:	34
1997:	19

* alle innvilga etter 01.05.88

Lokalradio

Av dei 17 korttidskonsesjonane til lokalradio i 1997 vart ti løyve gitt til dekning av religiøse møteserialer eller arrangement, fem til ulike typar leirar og stemne og to til dekning av studentveker i Halden og Trondheim.

Lokalfjernsyn


I 1997 innvilga Statens medieforvaltning to korttidskonsesjonar til lokalfjernsyn i kabelnett. Eitt løyve vart gitt til UKA TV i Lillehammer og eitt til Alta Idrettsforening.

Reklame og sponsing: tilsyn

Statens medieforvaltning er tilsynsorgan i forhold til regelverket om reklame og sponsing i kringkasting. Tilsynsverksemda blir hovudsakleg gjennomført ved å hente opptak frå konsesjonærane etter faste rutiner, men skjer også ved behandling av innkomne klager.

Ny forskrift om kringkasting vart fastsett 28. februar 1997. I den nye § 3-7 var det endringar i vilkåra for når eit fjernsynsprogram kunne avbrytast med reklame. Statens medieforvaltning tolka rege-

len slik at fiksjonsbaserte seriar med lengd over 45 minutt kunne avbrytast med reklame. I august 1997 sende Kulturdepartementet på høyring eit forslag om endring av regelen, der det vart foreslått å fjerne slike reklameavbrott i seriar. Det vart også foreslått ny regulering av sportssendingar, slik at reklameinnslag berre kan sendast mellom fullførte delar eller i naturlege pausar i sjølve arrangementet. Endringa vart vedteken i tråd med høyringsforslaget, og vart sett i verk 1. desember 1997.



NRK1 og NRK2

Statens medieforvaltning skal føre tilsyn med sendingane til NRK i høve til regelverket om sponsing av kringkastingsprogram. Det vart påtala eitt tilfelle der firmalogo vart vist inne i programmet. Dette er i strid med regelen om at identifisering av sponsor berre skal skje ved inn- og utannonsering av programmet.

TV2

For TV2 vart det i fem saker konstatert brot på regelverket. To av sakene gjaldt brot på reglane om plassering av reklameinnslag i program, der ei direkteoverføring av alpint skirenn vart avbroten med re-

klame midt i ein omgang. I slike sendingar skal reklame plasserast i naturlege pausar, til dømes mellom to omgangar. Vidare vart ein episode i den fiksjonsbaserte serien «X-files» avbroten med reklame, utan at vilkåra i forskrifta om at kvar programdel skal vare i minst 20 minutt var oppfylte.

TV2 vart varsla om at vi vurderer å gi sanksjon for brot på forbodet mot salsfremjande omtale i sponsa program. Saka gjaldt komiserien «Mot i brystet».

Ei anna sak omfatta programserien «Gutta på tur», der presentasjonen av sponsor var for omfattande. Eit program frå same serien vart sendt Forbrukarombodet for behandling etter forskrift om kringkasting § 3-5, som gjeld salsfremjande omtale. Forbrukarombodet fann denne sendinga i strid med regelverket.



TVNorge

Det er i tre saker konstatert brot på regelverket i sendingane til TVNorge. Statens medieforvaltning har peika på brot på forskrift om reklame § 3-1, da selskapet ved to høve hadde sendt meir enn 12 minutt reklame i timen. Eitt tilfelle av for omfattande spon-sorpresentasjon er blitt påtala.

Lokalfjernsyn

Det vart innhenta opptak frå alle bakkesende all-menne lokalfjernsynsstasjonar. Kontrollmaterialet består av to-timars opptak av eigenproduserte sen-dingar, og to vekers programoversikt. Kontrollen har gjeve oss eit godt innsyn i programprofil og produk-sjonsomfang i lokalfjernsyn.

For seks av dei kontrollerte konsesjonærane har Statens medieforvaltning ikkje hatt merknader om regelverksbrot etter gjennomgang av kontrollmateri-alet.

Brot på regelverket har mellom anna vore knytte til:

- § 3-2 i lova, om tydeleg skilje av reklameinnslag og program. Klart skilje har i ein del tilfelle mang-la eller voré for dårleg
- § 3-2 i lova, om sending av reklameinnslag i blok-kar og om at reklameinnslag ikkje kan sendast utanfor reklameblokkane
- Reglane om tillaten mengd reklame
- Premiepresentasjonar i bingo/spel, konkurransar o.l. har hatt for sterkt reklamepreg og omfatta til-leggsinformasjon om sponsor
- Identifisering av sponsor har mangla før/etter program, og i mange tilfelle har presentasjonen av sponsor vore for omfattande og til dels nærma seg reklame/marknadsføring
- At sjølve produktet i nokre tilfelle har blitt presen-tert som sponsor, i staden for juridisk eller fysisk person slik lova føreset etter § 1-1 femte ledd i lova

- At det har vore spon-sing av aktualitetsprogram/-nyhende i form av mindre bidrag som er kreditert tilskottsgivaren med plakat i etterkant av pro-grammet. Dette er i strid med § 3-4 fjerde ledd i lova

Statens medieforvaltning har gjennomgåande peika på manglar og brot i det enkelte tilfellet og gitt konsesjonærane påbod om å innrette sendingane i tråd med regelverket. Vi har bedt om skriftleg stadfesting frå konsesjonærane. Statens medieforvaltning har fått få innvendingar frå konsesjonærane mot regel-tolkinga.

Statens medieforvaltning har innleia eit samar-beid med Forbrukarombodet, mellom anna ved at Statens medieforvaltning stiller kontrolloversikt og opptak til rådvelde.

Lokalradio

Statens medieforvaltning har no sett i gang systema-tisk tilsyn med sendingar i lokalradio. I kontrollrun-den har enkelte lokalradioar ikkje halde fristen for innlevering av kontrollmateriale. I eitt tilfelle har vi varsla om sanksjon for manglande innlevering av opptak.

Vidare har vi konstatert brot på reglane om spon-sorpresentasjon. Enkelte lokalradioar har i presenta-sjonane sine av sponsor gitt meir omfattande opplys-ningar enn det regelverket gir høve til. I tillegg har vi avdekt at skiljet mellom program og reklamesen-dingar ikkje har vore godt nok. Reklame skal etter forskrifta markerast med eit særskilt lydsignal. Det har hendt at slikt lydsignal har mangla heilt, eller har vore uklårt.

Til no har vi ikkje funne grunn til å gi åtvaring. Vi har derimot gjort merksam på brot på regelverket og bedt konsesjonæren gi skriftleg tilbakemelding om å tilpasse sendingane til dei reglane som gjeld. Statens medieforvaltning har ikkje fått særlege inn-vendingar mot regelforståinga.

Innhaldet i programkanalane

Etter lov om kringkasting § 4–5, kan Statens medieforvaltning forby vidaresending i norske kabelnett av fjernsynskanalar som sender program med pornografi eller vald i strid med norsk lov. Ved vurdering av om innhaldet i sendingane er lovleg, skal Statens medieforvaltning i saksbehandlingsbe Statens filmtilsyn om fråsegn.

Statens medieforvaltning tok i 1997 opp til behandling to tilfelle der det var sendt program med

innhald i strid med norsk lov. Programma var sende av TVNorge. Det eine tilfellet var ein ungdomsserie med valdeleg innhald, og TVNorge valde å ta serien av sendeskjemaet. Den andre saka gjaldt ein speelfilm som Statens filmtilsyn meinte kunne vere i strid med § 211 i straffelova. TVNorge sa seg lei for sendingane og lova å innskjerpe kontrollen på området.


Vidaresending i kabelnett

Vidaresending av fjernsynssendingar i kabelnett er regulert i lov om kringkasting av 4. desember 1992 kapittel 4, og i kringkastingsforskrifta av 28. februar 1997 kapittel 4 om vidaresending i kabelnett. Kapittel 4 i forskrifta erstattar den tidlegare forskrifta om kabelsendingar.

Formidlingsplikta gjeld i dag fjernsynssendingane til NRK, norsk TV2 og allment lokalfjernsyn over jordbundne nett. Statens medieforvaltning har behandla saker der lokalfjernsyn ikkje har fått sending-

ane sine lagt ut i kabelnett, eller der sendingane ikkje har vore tilgjengelege for alle abonnentar. Vi har innskjerpa at formidlingsplikta gjeld for alle abonnentane i nettet.

Det gjeld ikkje formidlingsplikt for kabelsendt lokalfjernsyn eller for lokalfjernsyn sendt over sendarane til NRK2, men sendingar kan formidlast i nett etter avtale med kabeleigar eller dersom oppslutninga i abonnentval talar for det.





Vidaresending via private omformaranlegg

Oppretting av private omformaranlegg til vidaresending av kringkasting over eter føreset konsesjon.

Statens medieforvaltning har i samarbeid med Post- og teletilsynet sett i verk ein gjennomgang av denne typen konsesjonar. Ei rekkje konsesjonar er sletta, mellom fordi konsesjonane ikkje har vore i

bruk. Ei rekkje konsesjonar er også gått ut utan at det er søkt om fornying. Vi vil vidareføre gjennomgangen i 1998.

I 1997 vart det gitt seks konsesjonar til vidaresending via private omformaranlegg. Nokre av desse er fornyingar av tidlegare konsesjonar.

Allmennkringkastingsrådet

Allmennkringkastingsrådet er eit rådgjevande organ for Kulturdepartementet som vurderer om programverksemda i NRK, TV2 og P4 er i samsvar med prinsippa for allmennkringkasting. Rådet skal ikkje vurdere enkeltprogram. Rådet sine vurderingar blir lagde fram for Kulturdepartementet i form av ein årleg rapport.

Statens medieforvaltning er sekretariat for rådet, som har sju medlemmer. Allmennkringkastingsrådet har i 1997 hatt fem møte.

Evalueringa av programverksemda til allmennkringkastarane i 1996 vart presentert i ein rapport som vart lagd fram i april 1997. Vurderingane i rapporten byggjer delvis på programstatistikken til kringkastarane og delvis på kvalitativt innretta analysar.

Da rapporten til rådet vart presentert, gjekk mye av den offentlege debatten ut på om radio- og TV-tilbodet til NRK burde vurderast kanalvis eller samla. Rådet meinte at kanalane på NRK måtte vurderast kvar for seg og fekk støtte av TV2 og P4 i dette. Grunngevinga var at ei slik vurdering er nødvendig for å vurdere NRK på same grunnlag som TV2 og P4.

På den andre sida meinte NRK at radio- eller TV-tilbodet måtte vurderast samla. Argumentet var at NRK har fått politisk aksept for sitt noverande kanalsystem, og at ei kanalvis vurdering er prega av eit gammaldags syn på allmennkringkasting. NRK fekk støtte frå Kulturdepartementet i at det samla programtilbodet burde leggjast til grunn for vurderinga. Kulturdepartementet opna likevel for at rådet også gjer ei vurdering på kanalnivå.

Radiotilbodet består av to kanalar (P1 og P4) med relativt breitt orienterte programflater med i hovudsak lett profil, der P4 klart har den lettaste og minst varierte profilen. To kanalar er smalare profilerte (P2 og Petre). Etter rådets meining skil Petre seg ut med ei lett og einsarta programflate.

Fjernsynstilbodet består av to breitt orienterte kanalar med ulike profilar (NRK1 og TV2), og ein kanal som i stor grad er retta mot to «smalare» grupper (NRK2).

Rådet meinte at kanaltilbodet i store trekk samsvarer med den sosiale samansetjinga til publikum. Dette tyder likevel ikkje at tilbodet til dei enkelte målgruppene er tilfredsstillande på alle punkt.

Internasjonalt arbeid

Statens medieforvaltning har delteke i to møte i EPRA (European Platform of Regulatory Authorities). Møta vart haldne i Dublin og Lisboa. EPRA er eit uavhengig forum samansett av europeiske styresmakter på kringkastingsområdet. Medlemmene i EPRA er forvaltningsorgan med oppgåver innan konsesjonsgiving eller tilsyn med radio og fjernsyn. Statens medieforvaltning er vertskap for neste EPRA-møte i Fredrikstad i mai 1998.

Statens medieforvaltning skipa i mai eit møte mellom dei nordiske konsesjons- og tilsynsstyres-

maktene. På møtet vart felles problemstillingar innan kringkasting drøfta. Det er planlagt å halde årlege nordiske møte. Dei styresmaktene som deltok var Kulturministeriet (Danmark), Granskningsnämnden, Radio- och TV-verket (Sverige), Trafikministeriet (Finland), Kulturministeriet – Útvarpsráð (Island) og Statens medieforvaltning.

Medieforvaltninga har hatt eit medlem i ekspertgruppa MM-CM under Europarådets mediekomité. Gruppa arbeider med tiltak mot mediekonsentrasjon.



Europeisk programdel i fjernsyn

Direktivet om fjernsyn over landegrensene er ein del av EØS-avtalen. For å fremje produksjonen av europeiske program, er det fastsett krav om at størstedelen av sendetida til fjernsynsselskapa skal setjast av til europeiske verk.

For å oppfylle pliktene Noreg har etter direktivet, er det gitt reglar om dette i forskrift om kringkasting kapittel 2. Halvparten av den sendetida som ikkje består av nyhende, sport, underhaldningsprogram med konkurranseprega innslag, reklame eller tekstfjernsyn skal setjast av til sending av europeiske verk.

Det er også eit krav at minst ti prosent av da skal setjast av til sending av europeiske produsentane er uavhengige av fjernsynsselskapa. Ein passende del skal setjast av til verk som er gamle eller nyare.

Reglane gjeld ikkje lokalfjernsyn.

Europeisk programdel skal innrapportert til Statens medieforvaltning kvart år.

Tala for dei norske fjernsynsselskapa for år 1996 er slik:

Kanal	Europeisk programdel		Uavhengige produksjonar		Nye produksjonar	
	1995	1996	1995	1996	1995	1996
NRK1	80 %	80 %	57 %	55 %	79 %	71
NRK2	*	64 %	*	78 %	*	71
TV2	53,4 %	53,9 %	42,8 %	48,2 %	100 %	100
TVN	21,3 %	10,7 %	10 %	7 %	77,6 %	90,4

* NRK 2 starta sendingane sine i 1996.

Eigarskap

Lokalkringkastinga

Kringkastingsforskrifta har egne reglar som avgrensar eigarskapen i lokalkringkastinga. Den viktigaste regelen går ut på at ingen einskild eigaraktør kan eige selskap som til saman dekkjer meir enn 1/3 av den samla nasjonale marknaden for lokalradio eller lokalfjernsyn.

Hovudinstrykket er at eigarskapen i lokalkringkastinga har vore stabil i 1997.

På lokalfjernsynsområdet er A-pressen ASA den største aktøren med ei nasjonal dekning på rundt 30 prosent. Dei to andre store aktørane er Orkla og Schibsted med ein vesentleg lågare del – mellom 10 og 15 prosent.

På lokalradioområdet er Norsk Aller AS den største aktøren med ei nasjonal dekning på rundt 25 prosent. Jærradioen AS, Klepp og Norsk Luthersk Misjonssamband har også store interesser i lokal-

radiomarknaden. Jærradioen var særleg ekspansiv i 1997 og overtok radiostasjonar mellom anna i Trondheim og Oslo.

For første gong har no eit utanlandsk radioselskap teke over eigardelar i ein norsk lokalradiostasjon. Det er det franske konsernet NRJ som har kjøpt seg 31 prosent av aksjane i Radio Oslofjord. Nesodden. Konsernet eig frå før radiostasjonar i mange europeiske land, mellom anna i Sverige og Danmark.

Tilsyn med oppkjøp i dagspresse og kringkasting

Stortinget behandla 5. juni forslaget til lov om tilsyn med erverv i dagspresse og kringkasting. Regjeringa gjekk inn for Statens medieforvaltning som tilsynsorgan, men Stortinget vedtok i staden å opprette eigarskapstilsyn med eigen administrasjon. Den nye tilsynsinstansen vart vald for at eigarskapstilsynet skal ha mest mogleg fri stilling i høve til dei sentrale styremaktene.

PRESSE

Regelverket

Ansvar og oppgaver på pressefeltet er knytte til følgende føresegner:

- Forskrift om produksjonstilskott til dagsaviser, fastsett ved regjeringsresolusjon 7. november 1996
- Forskrift om tilskott til innvandrapublikasjonar, fastsett ved regjeringsresolusjon 7. november 1996
- Forskrift om tilskott til samiske aviser, fastsett av Kulturdepartementet 17. mars 1997
- Retningslinjer for tilskott til visse publikasjonar, fastsette av Kulturdepartementet 15. august 1995
- Retningslinjer for tilskott til pressekontor, fastsette av Kulturdepartementet 14. juni 1994



Produksjonstilskott til dagsaviser

Ordninga med produksjonstilskott til dagsaviser vart innført i 1969. Fordelinga av støtta skjer på bakgrunn av forskrift om produksjonstilskott til dagsaviser. Forskrifta er gjennom åra blitt endra ved fleire høve, seinast 17. februar 1997. I forskrifta er det fastsett kriterium for fordeling av støtte til nr. 2-aviser med opplag under 80 000 og nr. 1- og aleineaviser med opplag under 6 000.

Eitt av måla med tilskottsordninga er å medverke til lokal aviskonkurranse på flest mogleg stader i landet. Nr. 2-aviser får derfor ein stor del av produksjonstilskottet. Tilskottet til nr. 2-aviser blir rekna ut etter netto opplag multiplisert med talet på utgivingar pr. kalenderår. Tilskottet blir utbetalt etter ulike satsar. Aviser i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger får støtte etter høgaste sats. Riksspreidde meiningsberande aviser i Oslo og Bergen får eit særskilt ekstra tilskott. Nr. 1- og aleineaviser får eit fast

tilskott etter talet på utgivingar i veka. Nordnorske nr. 1- og aleineaviser får støtte etter dobbel sats.

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 1998, vedtok eit fleirtal i Stortinget eit kutt i løyvinga til produksjonstilskottet på 15 millionar kroner, eller 7,5 prosent.

Regjeringa vil gjennomgå enkelte overføringsordningar og vurdere dei nærmare. Det gjeld også ordninga med produksjonstilskott til dagsaviser. Produksjonstilskottet skal m.a. vurderast i lys av måla for pressepolitikken og krava i det nye økonomireglementet for staten. Arbeidet er blitt leidd av ei styringsgruppe med representantar frå Finansdepartementet, Kulturdepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Statskonsult har stått for gjennomgangen, og ein rapport vart lagd fram i januar 1998.

Endringar i regelverket

